

*Tradisjon og teigdeling er hinder:*

# Skog for 250 mill.kroner kan hoggast



Store verdier kan hentast ut av ørstaskogen framover, hevda Hans Peter Eidseflot frå Ørsta kommune på møtet i Ørsta Rotaryklubb.

Over 800 skogeigarar og lange og smale teigar gjer det vanskeleg med effektiv skogsdrift i Ørsta. Leiar Hans Peter Eidseflot i «Prosjekt Ørstaskogen» vil sørge for at skogeigarane får avkastning på skogen. Men ofte er skogeigarane sjølv det største hinderet, hevda han på medlemsmøtet i Ørsta Rotaryklubb.

Frå å vere ein skoglaus kommune før skogreisninga på 1950-talet, er Ørsta no på god veg til å verte den nest største skogkommunen i fylket. Det er store verdier som etter kvart kan haustast frå ørstaskogen.

## Avgjerdsvegring

Dei største hindera er dei mange skogeigarane, teigane og det bratte terrenget. Med over 800 skogeigarar og teigar heilt ned i nokre 10-meters breidde er Ørsta-skogen eit lappeteippe.

Teigdelinga hindrar også at kvar enkelt skogeigar fritt kan velje når og korleis han vil drive skogen sin. På spørsmål frå medlemmene i Ørsta Rotaryklubb om kva suksessfaktoren vil vere, hevda Eidseflot

at samarbeid og samdrift mellom skogeigarane er avgjerande for å kunne hauste skogen. Avgjerdsvegring hos skogeigaren er paradoksalt nok største hinderet i dette arbeidet.

## God økonomi

Det er god økonomi i å setje vekk arbeidet med skogfellinga. Gjennom samarbeid om større areal får ein henta ut stordriftsfordeleane. Og medan det vil ha lita økonomisk betydning dersom den enkelte skal arbeide kvar for seg sjølv, så vil ei fellesdrift kunne gi ei årleg avkastning på mellom fire og sju prosent, minte prosjektleiar Eidseflot om overfor rotarymedlemmene.

Dette er råvareproduksjon, og ein vil kunne oppnå meir utbytte ved lokal foredling. Eidseflot minte om at det burde vere bruk for fleire lokale sagbruk.

Verdien på Ørsta-skogen er i dag 250 millionar, og den årlege verdi-auken er på 18 millionar. Medan det i dag blir hausta under 5.000 m<sup>3</sup>, så er planen å auke uttaket til 14.000 m<sup>3</sup> fram til 2020, deretter 30.000 fram til 2025 og 40.000 m<sup>3</sup> fram til 2030. Det er såleis store planar for ørstaskogen framover.

**Geir Høydalsvik**